

Marino J. Ask
Askhaugen 74
6988 Askvoll

Til Olje- og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Sogndal 30. september 2019

Høyringsuttale i samband med Nasjonal ramme for vindkraft.

Viser til OED sitt brev av 1. april 2019.

Det norske landskapet langs kysten, i fjellområda og i dei samanhengande skogsområda har heilt eineståande kvalitetar. Verdifull, variert natur med geologiske formasjonar skapt og forma gjennom millionar av år, 10- tals istider og skiftande klimaperiodar. Heile 47 nasjonalparker er oppretta i Noreg (medrekna Svalbard). I tillegg kjem eit stort tal landskapsvernområde og naturreservat. Skandinavisk villmark, fjell- og kystlandskap av eineståande verdi. Arbeidet som ligg bak verdsettinga ved etableringa av verneområda, støttar seg på fagleg sett gjennomarbeidde, opne prosessar førut for politisk vedtak i Stortinget.

«Nasjonal ramme for vindkraft» opnar, i tillegg til allereie gjevne konsesjonar, no enno fleire naturområde for vindkraft. Landskap, i mange høve av like stor verdi som våre nasjonalparker. Diverre er det gjeve konsesjon, utan tilstrekkeleg fagleg vurdering av kva tap urørt- og verdifull natur representerer. Kven skulle tru at i randsona til Ålfotbreen landskapsvernområde, oppretta av Stortinget i 2009, opnar neste år eit av dei mest naturøydeleggande vindkraftanlegga i Noreg, Guleslettene i Flora og Bremanger kommunar. I tillegg kjem Hennøy vindkraftanlegg rett over helleristingsfeltet Vingelen ved Frøysjøen. Etableringa av desse to vindkraftanlegga er døme på at økonomi og tekniske tilhøve som linjekapasitet er avgjerande. Ikkje landskaps- og naturomsyn.

I høve allereie gjevne konsesjonar til landbasert vindkraft og dei naturområda «Nasjonal ramme for vindkraft» opnar opp for, er det god grunn til å stille spørsmål om naturfagleg kunnskap og kjent dokumentasjon er og vil verte nytta og teke til fylgje. I den grad ein i konsesjonsarbeid ikkje har kunnskap, medfører då dette at ein innhentar denne kunnskapen før vedtak? Diverre er svaret ofte nei. Ein ser i stor grad manglande varsemnd i konsesjonsarbeidet. Dette gjeld i høve ikkje- kommersielle, ålmene interesser som natur, friluftsliv, dyr- og fugleliv. I tillegg kjem store tap for dei mange lokalsamfunna som vert råka av vindkraftutbygging. Det er god grunn til å påpeike at lokalsamfunn og kommunar kan vert samfunnsmessig vesentleg svekka og i verste fall oppløyste på grunn av vindkraftutbygging. Øya Frøya i Trøndelag er eit klart døme på eit svært hardt røynt lokalsamfunn. Eit anna døme er Bremangerlandet ytst i Sogn og Fjordane. Naturen som her er tenkt nytta til vindkraft er heilt klart verdifull for folket som bur på øya. Ikkje berre fråtek ein innbyggjarane sine natur- og friluftsområde. Ein vesentleg del av lokalsamfunna sin kultur og

identitet er svært ofte tufta på natur og på landskapet. Naturøydeleggande vindkraftutbygging vil ofte særers negativt påverke lokalsamfunnet si samfunnsutvikling.

Ei samanlikning med Oslo og hovudstaden sitt viktigaste friluftsområde, Nordmarka set dette i perspektiv. Omlag 1700 km² skogsnatur er for 7 fylke sikra gjennom «Markalova». Ei klar stadfesting på at storsamfunnet har teke ansvar for innbyggjarane si helse gjennom å tilrettelegg for friluftsliv og nære naturopplevingar. Liknande stadfesting er fråverande i store deler av landet. Tilbake sit mange lokalsamfunn att med krav om å nytte sine nære natur- og friluftsområde til vindkraftproduksjon. Fordi der er, sitat: «gode vindressurser» og at det dermed ligg til rette for «lønnsom vindkraftutbygging». Min påstand er at «lønnsomheten» er det dei mange lokalsamfunna og kommunane som langt utover det akseptable bidreg til. Auka økonomiske bidrag frå storsamfunnet kan ikkje bøte på tap av natur og landskap og dermed lokal kultur og identitet.

I mange fylke i Noreg er allereie øydelagt natur på grunn av vindkraftverkanlegg svært tydeleg. Når konsesjonstida for mange av desse vindkraftanlegga er ute, må oppryddingsarbeidet vere grundig planlagt og ikkje minst finansiert. I dag er det slik at først etter 12 år skal utbyggjar avsette midlar til å rydde opp. Dette er ikkje tenleg. Allereie ved oppstart av vindkraftanlegget må det framleggast finansieringsplan og gjennomføringsplan for opprydding og avvikling av vindkraftanlegget når konsesjonstida er over.

Det er svært god grunn til å umiddelbart stogge ytterlegare landbasert vindkraftutbygging. Naturøyding, tap av natur og naturmangfald, helsemessige påkjenningar for folk som vert utsett for fylgjene av vindkraft og tapte eigedomsverdiar står ikkje på noko vis i høve til den mengde energi ein hentar ut.

Naturen ein øydelegg kan heller aldri førast attende til det opprinnelege.

Med helsing
Marino J. Ask
Askvoll i Sunnfjord